



Det Kongelige kommunal og Moderniseringsdepartement  
Postboks 8112 Dep.  
0032 OSLO

<b>Dykkar ref:</b>	<b>Vår ref:</b> 16/2023-3	<b>Saksbehandlar:</b> Kristin Karlbom Dahle, 35059170 kristin.dahle@bo.kommune.no	<b>Arkivkode:</b>	<b>Dato:</b> 21.06.2016
--------------------	------------------------------	---	-------------------	----------------------------

### **Innspel til St.meld. om berekraftige byer og sterke distrikt frå Bø kommune**

Vi viser til brev av 23.11.15 med invitasjon til innspel til stortingsmelding om berekraftige byer og sterke distrikt og oversender innspel frå Bø kommune. Innspelet er behandla av kommunestyret i Bø og følgjer vedlagt.

Med helsing

Kristin Karlbom Dahle  
*arealplanleggar*

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

Kopi til:  
Telemark Fylkeskommune Postboks 2844 3702 SKIEN



<b>Styre/råd/utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saknr</b>
Formannskapet	06.06.2016	46/16
Kommunestyret	16.06.2016	67/16

Saksansvarleg: Sindre Flø

Arkiv:

Arkivsaknr.: 16/2023

## **Stortingsmelding om berekraftige byer og sterke distrikt. Innspel frå Bø kommune**

### **Rådmannen tilrår:**

Bø kommune oppmoder til at det gjennom St.meld for berekraftige byar og sterke distrikt vert lagt til rette for tilsvarende satsingar som Bygdepakke Bø for å redusere bilbruken på bygda og utvikle attraktive sentrum i distrikta.

### **16.06.2016 Kommunestyret**

#### **Behandling:**

Samrøystes

#### **K- 67/16Vedtak:**

##### **Vedtak:**

Bø kommune oppmoder til at det gjennom St.meld for berekraftige byar og sterke distrikt vert lagt til rette for tilsvarende satsingar som Bygdepakke Bø for å redusere bilbruken på bygda og utvikle attraktive sentrum i distrikta.

### **06.06.2016 Formannskapet**

#### **Behandling:**

Samrøystes.

#### **F- 46/16Vedtak:**

##### **Tilråding:**

Som rådmannen.

### **Bakgrunn for saka:**

Kommunal og moderniseringsdepartementet har invitert fylker og kommunar til å kome med innspel til Stortingsmelding om berekraftige byer og sterke distrikt som skal leggast

fram for Stortinget tidleg i 2017.

## **Saksomtale:**

### **Bygdepakke Bø**

Bø kommune har tatt initiativ til prosjektet Bygdepakke Bø med ei målsetting om å redusere interntrafikk av personbilar i sentrum. I styringsgruppa for prosjektet er både Statens vegvesen, Telemark fylkeskommune og Fylkesmannen i Telemark representert. Forstudiet er finansiert ved egne midlar, bidrag frå Statens vegvesen og frå Telemark fylkeskommune. Vi vonar at vår erfaring med dette prosjektet kan vere viktige innspel til St.meldinga om Bærekraftige byar og sterke distrikt.

Gjennom bymiljøavtaler med belønningsordningar finansierer staten tilsvarande arbeid som i Bygdepakka i dei store byane. Midlane prioriterast til byområde der det vil gje best effekt utifrå nasjonale mål. Mindre biltrafikk på bygdene vil ikkje bidra like mykje til reduksjon av klimagassutslepp som om ein klarer å redusere bilbruken i meir tettbygde strok. Redusert bilbruk på bygda er imidlertid ein føresetnad ikkje bare for å redusere klimagassutslepp, men og for å kunne utvikle møteplassar, attraktive sentrum og for å betre folkehelsa. Desse omsyna er like viktige på bygdene som i byane. Meir attraktive sentrum på bygda er ein vesentlig faktor for å behalde unge og trekke til seg nye innbyggjarar, og difor vesentleg for å redusere flyttestraumen mot byane.

Gjennom arbeidet med å finansiere vidareføring av Bygdepakke Bø frå fortstudium til forprosjekt, har kommunen erfart at det er vanskeleg å få finansiert denne type arbeid der ein ønskjer å jobbe for redusert bilbruk gjennom mange virkemiddel. Det finst fleire tilskotsordningar for fysiske tiltak, men høve til å finansiere prosjektarbeid som også involverer haldningsskapande arbeid, arbeid med kollektivtilbod osv, saknast. Ny tilskotsordning frå Miljødirektoratet til klimasatsing i kommunane er svært positivt i denne samanheng. På regionalt nivå er regionale utviklingsmidlar retta mot næringsverksemd og arbeidsplassar, og det oppfattast som vanskeleg i særleg grad å få støtte til prosjekt som ikkje i fyrste rekke er retta mot næring.

I tillegg til utfordringar knytt til finansiering, har vi erfart at lite midlar til kollektivsatsing i distrikta er ei utfordring for å nå våre mål. Dersom kollektivtrafikken skal vere lønnsam, vil befolkningsgrunnlaget ikkje vere stort nok utanfor dei store byene til at ein kan utvikle eit kollektivtilbod som gjer resultat i form av mindre bilbruk.

Bø kommune er særst nøgd med samarbeidet med SVV, Fylkesmannen og Telemark fylkeskommune i Bygdepakke Bø. Erfaringa er at involvering av desse etatane på styringsgruppenivå gjev god forankring av prosjektet og rom for å finne løysingar. Etatane er og representert i arbeidsgruppa for prosjektet, noko som bidrar til viktig kompetanseoverføring inn i prosjektet. Vi oppfattar vårt prosjekt som nybrottsarbeid, og ønskjer å løfte Bygdepakka opp som eit pilotprosjekt for arbeid med redusert biltrafikk på mindre stader.

## **Konklusjon**

Bø kommune vil oppmode til at det gjennom St.meld for berekraftige byar og sterke

distrikt vert lagt til rette for tilsvarande satsingar som Bygdepakke Bø for å redusere bilbruken på bygda og utvikle attraktive sentrum i distrikta. Som vedlegg oversendtast sluttrapport frå forstudiet.

**Vedlegg:**

24.11.2015

Invitasjon til innspill - stortingsmelding om bærekraftige byer og sterke distrikter

285637

**Parter:**

Telemark Fylkeskommune

Det Kongelige kommunal og Moderniseringsdepartement